Behovsplan: Vaksen hest

Denne malen kan brukast til å rekne ut energi- og proteinbehovet ein vaksen hest har. Det er imidlertid alltid hesten som avgjer kor mykje energi den treng. Difor er det viktig å alltid ta utganspunkt i hesten sitt hald.

Oppsettet blir gjort stegvis. Først ser me på vedlikehaldsbehovet.

Energibehov til vedlikehald for kaldblodshestar/uforedla ponniar:

0,8 FEh/100kg kroppsvekt

Det betyr at for kvar 100 kg hesten veg, treng den 0,8 FEh.

Til dømes, for ein 500 kg hest:

0,8 FEh * 5 = 4 FEh

Dette er energibehovet til vedlikehald for ein 500 kg hest. Vedlikehaldsbehovet betyr det behovet hesten har dersom den er heilt i ro eller berre går i luftegarden ein heil dag. All aktivitet og trening hesten blir utsett for, vil skapa eit behov i tillegg til vedlikehaldsbehovet.

For enkelte typar hestar vil vedlikehaldsbehovet vera høgare i forhold til kroppsvekt og dette må korrigerast for. Dette gjeld følgjande:

Korrigering for kjønn:	
Hopper og vallakar:	Ingen korrigering
Hingst:	+10%

Korrigering for rase:	
Varmblodshestar:	+5%
Fullblodshestar:	+10%

Slike korrigeringar blir gjort fordi hingstar, varmblod- og fullblodshestar ofte brukar meir energi på å ”vere til”. Det som for ein kaldblodshest kan innebere omtrent ingen bruk av energi, kan vera ei energikrevjande oppleving for ein fullblodshest.

Proteinbehov til vedlikehald:

80 gram fordøyeleg råprotein per FEh

Det betyr at ein hest som veg 500 kg og har eit vedlikehaldsbehov for energi på 4 FEh vil ha eit proteinbehov til vedlikehald på

80 gram * 4 = 320 gram fordøyeleg råprotein

Desse 320 gram protein dekker berre hesten sitt proteinbehov til vedlikehald.

Energibehov til arbeid og trening:

I tillegg til hesten sitt behov for energi til vedlikehald treng den ekstra energi dersom den er i trening.

Lett trening:	Vedlikehaldsbehov * 1,25
Middels trening:	Vedlikehaldsbehov * 1,50
Hard trening:	Vedlikehaldsbehov * 1,75
Intens trening:	Vedlikehaldsbehov * 2,00

Dersom hesten på 500 kg som har eit vedlikehaldsbehov på 4 FEh er i lett trening blir det totale energibehovet:

4 FEh * 1,25 = 5 FEh

Det kan vera vanskeleg å bedømma kor hardt ein trenar hesten sin. Det er difor viktig å følgja med på haldet til hesten og justera energimengda etter behovet.

Proteinbehov til arbeid og trening:

80 gram ford. råprot per FEh

Hesten på 500 kg i lett trening som har eit energibehov på 5 FEh vil ha eit proteinbehov på

80 * 5 FEh = 400 gram ford. råprot.

Kjelde:

Dag Austbø, Institutt for husdyr- og akvakulturvitenskap, Universitetet for miljø- og biovitenskap, 2008.